



Notat

Dato: 16.01.2015
Arkivsak: 2014/10180-6
Saksbehandlar: tonnils1

Til:Fylkesutvalet

Frå:Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr. 31.12.2014

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2014 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gitt tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 20.februar 2014.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

- B-1:Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse
- B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Klimaretta tiltak
- B-6: Øyremerkte midlar til program
- B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNN, blir gitt som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal for 2014 fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 03.11.2014 med ein oversikt fram til 31.10.2014.
Denne oversikten viser utviklinga frå 01.11.2014 til 31.12.2014.

Prosjekt handsama i perioden 01.November til 31.Desember 2014:

| Tilsegnsnr | Prosjektnamn | Tilskotsmottakar | Innsatsområde | Prosjekt-kostnad | Tilsegnsum |
|------------|-----------------------------------------------------|-----------------------------------------|-----------------------------------------------|------------------|------------|
| 121-2014 | Etablererprogrammet i Nordhordland 2014 | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 260 000 | 113 800 |
| 122-2014 | Entreprenørskapstiltak | Business Region Bergen AS | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 820 500 | 410 500 |
| 124-2014 | Partnerskapsmidlar-UPTIME | UPTIME Centre of Competence AS | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 4 900 000 | 250 000 |
| 126-2014 | CNSS-Improved dissemination and impact | Hordaland Fylkeskommune, næring | B-4: Bransjeretta tiltak | 664 000 | 332 000 |
| 127-2014 | Strategi og samarbeid om prosjektutvikling i TSIC | Fiskeriforum Vest | B-4: Bransjeretta tiltak | 900 000 | 300 000 |
| 129-2014 | Organisasjonsbygging Vossameny | Vossameny | B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter | 1 200 000 | 375 000 |
| 139-2014 | Utvikling av nytt ingeniørstudium Stord | Atheno AS | B-2: Relevant kompetanse | 590 000 | 200 000 |
| 151-2014 | Forstudie kyst- og fjordopplevelser Langs Hordaland | Bergen Reiselivslag | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 120 000 | 70 000 |
| 155-2014 | Trainee Indre hordaland-en regional traineeordning | Næringshagen i Odda | B-2: Relevant kompetanse | 1 660 000 | 680 000 |
| 156-2014 | Videreføring av partnerskapsavtalen for 2014 | Norwegian Centre of Expertise Subsea SA | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 31 036 519 | 550 000 |
| 157-2014 | Videreføring av inkubator drift 2014 | Industriutvikling i vest | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 4 345 000 | 700 000 |
| 159-2014 | Vidareføring av Maritim Industriinkubator | Atheno AS | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 3 750 000 | 1 300 000 |
| 161-2014 | Etabl grunder- og innovasjonsmiljø i Nordhordland | Industriutvikling i vest | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 350 000 | 150 000 |
| 171-2014 | Reisemål i industriens vugge 2013-14 | Askvoll næringsutvikling | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 3 930 850 | 450 000 |
| 123-2014 | Dataspillkonferansen Konsoll | Spillmakerlauget | B-4: Bransjeretta tiltak | 530 000 | 60 000 |

| | | | | | |
|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------|-----------------------------------------------|-------------------|-------------------|
| 137-2014 | Forprosjekt: Bærebjelke - En sertifiseringsordning for sosialt ansvar | Bærebjelke DA | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 551 310 | 200 000 |
| 160-2014 | Leverandørindustriens framtid - Status/muligheter | HOG Energi | B-4: Bransjeretta tiltak | 440 000 | 440 000 |
| 034-2014 | Knarvik sentrum aust - gaterom og fellesareal, interkommunalt prosjekt. Søknad om tilskot frå RUP | Lindås kommune | B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter | 480 000 | 240 000 |
| 153-2014 | Media Region Bergen, utvikling av medlemsorganisasjon i MCB | Media Region Bergen | B-4: Bransjeretta tiltak | 1 850 000 | 300 000 |
| 163-2014 | Forprosjekt Sølvhuset i Bergen | Theodor Olsen Sølvvareverksted AS | B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon | 925 000 | 462 500 |
| 172-2014 | Tilskudd for næringshageprogram | Gulen og Masfjorden Næringshage AS | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 980 000 | 150 000 |
| 148-2014 | Tverrsektorale klimatiltak i Sunnhordland | HOG Energi | B-5: : Klimaretta tiltak | 600 000 | 300 000 |
| 149-2014 | Kompetansenettverk for miljøvennlige bygninger | Høgskolen i Bergen | B-5: : Klimaretta tiltak | 2 500 000 | 1 000 000 |
| 152-2014 | Læreplasskonferansen 2015 | NHO Hordaland | B-2: Relevant kompetanse | 160 000 | 80 000 |
| 158-2014 | Etablering av fiskehandlernetter i Smak av kysten | Stiftelsen Norsk Sjømatsenter | B-4: Bransjeretta tiltak | 300 000 | 150 000 |
| 167-2014 | Etablering av pilotanlegg på Mongstad | Universitetet i Bergen | B-5: : Klimaretta tiltak | 18 000 000 | 2 000 000 |
| 096-2014 | Næringslivskompetanse til grundere- Søknad om prosjekter og aktiviteter i CV 2014 | Connect Vest | B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar | 3 910 000 | 540 000 |
| | | | Totalt: 27 tilsegn | 85 753 179 | 11 803 800 |

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde 2014:

| | Innsatsområde | Tal tilsegn | Prosjektkostnader | Støttebeløp |
|------|--------------------------------------------------------------|--------------------|--------------------------|--------------------|
| B-1: | Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon | 22 | 32 405 910 | 4 985 738 |
| B-2: | Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse | 11 | 28 754 520 | 2 761 500 |
| B-3: | Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter | 12 | 19 623 867 | 5 038 054 |
| B-4: | Bransjeretta tiltak | 11 | 8 846 667 | 2 903 800 |
| B-5: | Klimaretta tiltak | 4 | 21 434 600 | 2 550 000 |
| B-6: | Øyremerkte midlar til program | 1 | 1 650 000 | 300 000 |
| B-7: | Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar | 13 | 113 485 791 | 7 287 500 |
| C: | Regionale næringsfond | 7 | | 4 000 000 |
| | Totalt: | 81 | 226 201 355 | 29 826 592 |

Kommentar:

Det er i perioden gitt tilsegn til totalt 27 prosjekt og tiltak med en samla kostnadsramme på vel 226 mill kr. Vår finansieringsandel er vel 12 %. For alle prosjekta hittil i år er vår finansieringsandel på vel 13 %. Som det går fram av opplysningane om dei einskilde tiltaka, er det store variasjonar i fylkeskommunen sin finansieringsandel. For nokre av prosjekta er vi inne med ein finansieringsandel på 30 % eller meir, medan for andre er vår andel svært låg og viser at sjølv med relativt lave finansieringsandelar er vi med å løyse ut til dels store prosjekt og tiltak. For eit prosjekt er fylkeskommunen sin finansieringsandel i regi av HOG Energi 100 %, då dette er ein del av fylkeskommunen sin analyse av leverandørindustrien og det ikkje er mogleg å få anna finansiering til ein slik analyse. For B-5 «Klimaretta tiltak» kom det inn 4 søknader i søknadsrunden på 15. november. Avhengig av innkomne søknader vil også denne ramma bli tildelt. For dei søkbare midlane, med unntak av Klimaretta tiltak(B-1 til B-4), har vi så langt i år delt ut knapt 80 % av ramma. Dei fleste av dei innkomne søknandane blei handsama innafor kalenderåret og det meste av midlane er fordelt. Nokre søknader vil bli overført til 2015.

Vedlegg: Prosjektinfo

Prosjektinfo

Etablerarprogrammet i Nordhordland 2014

Tilsegn-121-2014 Nordhordland Utviklingsselskap IKS søkte om støtte til å gjennomføre etablerarprogrammet i Nordhordland.

Totale prosjektkostnader: kr 260 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 113 800 |
| Næringsfondet i Nordhordland: | kr 119 800 |
| Påmeldingsavgift: | kr 26 400 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Prosjektleder:

Kari Evensen Natland, kari@nordhordland.net

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 55 37 80 16, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Etablerarprogrammet vert gjennomført kvart år i regionen og har tre oppgåver:

1. Grunnkurs i etablering
2. Ulike temakurs
3. Individuell rettleiing

Programmet har vore gjennomført dei siste 13 åra, og har hatt gode resultat.

Hordaland Fylkeskommune har vore medfinansørar til Etableraropplæringa i fylket og har og lagt ein del premissar om korleis ein ønskjer at denne skal leggjast opp.

Tilsegnsdato: 30.09.2014

For admin:

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Entreprenørskapstiltak

Tilsegn-122-2014

BRB søkte om tilskot til etablereropplæring i Bergensregionen i 2014. Føremålet med etablererkursane er å førebu entreprenøren på oppstart av eigen bedrift, mellom anna ved å gje ein grunnleggjande forståing av kva planar som må utarbeidast og dei formelle rammevilkåra for verksemdar.

Totale prosjektkostnader: kr 820 500

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| BRB: | kr 146 250 |
| Deltakeravgift: | kr 264 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 410 250 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Business Region Bergen AS

Prosjektleder:

Gry Sæterdal, gry@brb.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen,
tlf. 55 37 80 16, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

BRB sitt Etablerersenteret har organisert sin kursverksemd i kompetanseprogrammer for bedriftsetablering og utvikling. Programmet inneheld tre kurs. Desse bygger på kvarandre og tek opp tema som selskapsformer, forretningsplan, idé, marknadsføring og økonomi:

- 1) 1-2-3 Etablering: hovudvekt på selskapsformer, registrering, rekneskap og skatt.
- 2) Etablerarkurs med utgangspunkt i forretningsplan: hovudvekt på marknadsføring og økonomi.

Økonomikurset "Økonomi illustrator": Eit brettspill som drar kursdeltakerane gjennom eit case og på denne måten gjer innsikt i viktige økonomiske omgrep og prosessar.

Tilsegnsdato: 30.09.2014

For admin:

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Partnerskapsmidlar - UPTIME Centre of Competence

Tilsegn-124-2014

UPTIME har ein partnerskapsavtale med fylkeskommunen for perioden 2012 til 2014 kor fylkeskommunen bidrar med eit partnerskapsbidrag på kr 250 000 pr år.

Totale prosjektkostnader: kr 4 900 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 250 000 |
| Nye partnere: | kr 350 000 |
| Partnerbidrag private (industri/forskning): | kr 2 300 000 |
| Prosjektinntekter (industri/forskning): | kr 2 000 000 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

UPTIME Centre of Competence AS

Prosjektleder:

Siri Kalvatn, siri.kalvatn@uptimecentre.no

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,

tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

2014 er det tredje driftsåret for UPTIME Centre of Competence. Gjennom oppstartåret 2013 har aktiviteten mellom anna vore konsentrert om å klarlegge bransjeutfordringar og identifisere utviklingsprosjekt. Eit viktig prosjekt er "Innovasjon i verdikjeden i Vedlikehold og Modifikasjon" i tillegg til ulike fagsamlingar. UPTIME CC sitt formål er å fasilitere klyngesamarbeid og levere fagleg sterke tenester til medlemsbedriftene.

Tilsegnsdato: 21.11.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-7: Øyremarka midlar til samarbeidsaktørar

Innsatsområde: B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

CNSS - Improved dissemination and impact

Tilsegn-126-2014

Målet med prosjektet er å ta i bruk og formidle kunnskap frå EU prosjektet Clean North Sea Shipping (CNSS).

Totale projektkostnader: kr 664 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| Eu midlar (50%): | kr 332 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 332 000 |

Prosjektstart: 01.09.2014.

Prosjektslutt: 30.09.2015.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune, Næringsseksjonen

Prosjektleder:

Lars Tveit, Lars.Tveit@hfk.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,

tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

CNSS prosjektet fekk mykje betre resultat enn forventa. Dette prosjektet vil maksimera bruken av desse resultatene ved å styrke kommunikasjon mellom gamle så vel som nye partnerar og publikum. Andre målgrupper er skoler og næringslivet. Utvikling av kart og webpresentasjonar inngår.

Tilsegningsdato: 15.10.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-4: Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Bransjeretta tiltak

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Strategi og samarbeid om prosjektutvikling i TSIC

Tilsegn-127-2014

Fiskeriforum Vest er prosjektleder for klyngeinitiativet og bidrar med administrative og faglige ressurser.

Totale prosjektkostnader: kr 900 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| Egeninnsats (næring+samarbeidspartnere): | kr 300 000 |
| Finansiering, næring: | kr 300 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 300 000 |

Prosjektstart: 01.09.2014.

Prosjektlutt: 01.06.2016.

Prosjekteigar:

Fiskeriforum Vest

Prosjektleder:

Tanja Hoel, tanja@sjomat.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Regjeringen la planer om å utvide den vellykkede klyngepolitikken med et nytt elite nivå, «Global Centres of Expertise» (GCE). Begrunnelsen for etablering av det nye klyngeprogrammet var å fremme de næringsklyngene som har stor betydning for landets innovasjon og konkurransekraft. Fiskeriforum Vest er prosjektleder for klyngeinitiativet og bidrar med administrative og faglige ressurser.

Tilsegningsdato: 15.10.2014

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)
Budsjett: B-4: Bransjeretta tiltak
Innsatsområde: B-4: Bransjeretta tiltak
Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Organisasjonsbygging Vossameny (ny)

Tilsegn-129-2014

Re-etablering av Vossameny, eit samvirke med om lag 30 andelseigarar. Fokus på kortreist mat.

Totale prosjektkostnader: kr 1 200 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| Bidrag Næringshagen: | kr 70 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 375 000 |
| Inntekter aktivitetar: | kr 140 000 |
| Kontingent Vossameny: | kr 240 000 |
| Landbruksavd hjå FMLA: | kr 375 000 |

Prosjektstart: 01.08.2014.

Prosjektlutt: 31.07.2017.

Prosjekteigar:

Vossameny

Prosjektleiar:

Renate Lunde, renate@vossabia.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Vossameny skal ivareta og vidareutvikla mattradisjonar i regionen. Vossameny har som formål å fremje berekraftig lokalmattradisjonar, og fremje samarbeid innanfor nettverket. I tillegg har ein som mål å skapa vekst innan mattradisjonar i regionen. Målet skal oppnåast gjennom produsentsamlingar, kompetanseheving og utviklingsretta samarbeid.

Vossameny vil inngå i eit konsolideringsprosjekt leia av Destinasjon Voss, der hovudmålet er få kulturbasert næringsaktivitet (her under) mat som ein integrert del av reiselivet/handel. Målsetjinga for Vossameny si deltaking i konsolideringsprosjektet er at det er synergjar ved å utvikle bærekraftig samhandling mellom landbruk/matproduksjon, handel og reiseliv. For Vossameny vil prosjektet gje resultat ved at ein stimulerer landsbruksprodusentane, gjennom å bruke handelsbedriftene til utstillings- og salsvindauger, samt få innpass via hotell og festivalane for å kunne vise opp produkta for et breiare publikum.

Tilsegnsdato: 21.10.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter

Innsatsområde:

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Utvikling av nytt ingeniørstudium Stord

Tilsegn-139-2014

Totale prosjektkostnader: kr 590 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|------------|
| Atheno/lokal industri: | kr 300 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 200 000 |
| HSH: | kr 90 000 |

Prosjektstart: 03.11.2014.

Prosjektlutt: 30.06.2015.

Prosjekteigar:

Atheno AS v/daglig leder Astrid K Steinsland

Prosjektleder:

Kjetil Djuve, kjetil@atheno.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Sunnhordland er ein av landets sterkaste industriregionar med 19% sysselsetting i industri mot landsgjennomsnitt på under 9%. I hovudsak er det innan offshore/subsea/maritime/marine sektor. Regionen femner mange store bedrifter i nasjonal målestokk, fleire av desse har sterk internasjonal eksponering og global konkurranse. I tillegg finn ein også ein underskog av teknologibaserte gründerbedrifter og mindre bedrifter i vekstfase. Samla kan ein sei at Sunnhordlandsindustrien står for ein betydeleg del av landets verdiskaping.

Industrien i Sunnhordland har et stort behov for velkvalifisert arbeidskraft. Særlig er etterspørselen etter ingeniører med skreddersydd fagsammensetning stor. Det er behov for stor rekruttering i framtida, og mangel på velkvalifisert arbeidskraft vert sett på som ein sentral trussel i forhold til å oppretthalda og styrka bedrifters konkurransevne. Med bakgrunn i dette har ein ynskje om å få på plass eit skreddersydd ingeniørstudie.

Tilsegnsdato: 31.10.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-2: Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-2: Relevant kompetanse

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

FORSTUDIE KYST- OG FJORDOPPLEVELSER LANGS HORDALAND

Tilsegn-151-2014

Destinasjonsselskapa i ytre del av Hordaland søker saman om midlar til eit forprosjekt for å kartlegge arbeidet med å utvikle reiselivsproduktet Kystturisme.

Totale prosjektkostnader: kr 120 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|-----------|
| Destinasjonenes kontantbeløp: | kr 30 000 |
| Egeninnsats 70 timer x 500: | kr 35 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 70 000 |

Prosjektstart: 05.01.2015.

Prosjektlutt: 29.05.2015.

Prosjekteigar:

Bergen Reiselivslag

Prosjektleiar:

Amland Reiselivsutvikling v/Trond Amland, trond@reiselivsutvikling.no

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,

tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Destinasjonsselskapa i ytre del av Hordaland (Bergen Reiselivslag, Kysteventyret, og Samarbeidsrådet for Sunnhordland) ynskjer å utvikle kystområdet langs Hordaland for å vidareutvikle, profesjonalisere og kvalitetssikre tilbodet og setje dette i samanheng slik at turoperatører og enkeltreisande på ein enklare måte kan finne og kjøpe produkta. I første omgang søker prosjektdeltakarane om midlar til eit forprosjekt for å identifisere moglege samarbeidspartnarar, kartlegge tilbode og vurdere utfordringar for eit hovudprosjekt.

Tilsegnsdato: 04.12.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Trainee Indre Hordaland - en regional traineeordning

Tilsegn-155-2014

Næringslivet og det offentlige har stor mangel på utdanna arbeidskraft i regionen. Prosjektet vil legge eit grunnlag for at ungdom blir værande i heimdistriktet eller kjem tilbake etter fullført utdanning.

Totale projektkostnader: kr 1 670 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| Egeninnsats, SHIH: | kr 150 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 1 660 000 |
| Medlemsbetaling: | kr 2 190 000 |
| Odda kommune, strategisk næringsplan: | kr 270 000 |
| Regionalt Næringsfond Hardanger: | kr 490 000 |
| Skjønnsmidler Fylkesmannen, søkt via Odda kommune: | kr 90 000 |

Prosjektstart: 01.05.2014. **Prosjektslutt:** 30.06.2016.

Prosjekteigar:

Næringsshagen i Odda

Prosjektleder:

May Søfteland, may@nhodda.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Næringsshagen i Odda og Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger (SHIH) tok våren 2014 initiativ til eit møte om utvikling av ein Traineeordning i Indre Hordaland. Dei framførte bedriftene fikk presentert traineeordninga i Nord Trøndelag, Intro Trainee, som har en oppbygging og faglig begrunning som er av spesiell interesse for i Indre Hordaland, med distriktmessige utfordringar knytt til rekruttering av kompetanse, alderssammensetning, store avstander og fraflytting. Av andre ordninger som også er blitt undersøkt, er Trainee Vest, med base i Bergen. Desse meldar at dei tidligere har gjort framstøt med tanke på å få til et arbeid i Indre Hordaland, men at det var vanskeleg uten ein lokal forankring. Trainee Indre Hordaland ynskjer å samarbeida med Trainee Vest. Næringsshagen i Odda og SHIH har fått klare tilbakemeldinger på at næringslivet ynskjer muligheiten til å delta i ein felles traineeordning.

Tilsegnsdato: 10.12.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-2: Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-2: Relevant kompetanse

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Videreføring av partnerskapsavtalen for 2014

Tilsegn-156-2014

NCE Subsea mottar årleg støtte frå Hordaland fylkeskommune så lenge dei er med i IN sitt NCE program.

Totale prosjektkostnader: kr 11 987 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 550 000 |
| Klyngeaktører: | kr 6 437 880 |
| NCE Programmet: | kr 5 000 000 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Norwegian Centre of Expertise Subsea SA

Prosjektleder:

Owe Hagesaether, owe.hagesaether@ncesubsea.no

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,
tlf. -, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

Våren 2006 ble subseaklyngen i Hordaland gitt status som Norwegian Centre of Expertise (NCE). Sentrene er et statlig delfinansiert nasjonalt program, administrert i et samarbeid mellom Innovasjon Norge, SIVA og Norges Forskningsråd. NCE-programmet har som hovedmål å utløse og forsterke samarbeidsbaserte innovasjons- og internasjonaliseringsprosesser som øker verdiskapingen i klyngebedriftene. NCE Subsea har mottatt årleg støtte frå fylkeskommunen sidan oppstart. Dette tilsegnet omfatter støtta for 2014.

Tilsegnsdato: 01.12.2014

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)
Budsjett: B-7: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar
Innsatsområde: B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon
Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Videreføring av inkubator drift i 2014

Tilsegn-157-2014

Industriutvikling Vest mottar årleg støtte frå Hordaland fylkeskommune så lenge dei er med i SIVA sitt inkubatorprogram.

Totale prosjektkostnader: kr 4 345 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| Adm kostnad Mongstad Vekst: | kr 300 000 |
| Andre offentlige tilskudd: | kr 350 000 |
| Egenandeler og annen omsetning: | kr 680 000 |
| Finansinntekter: | kr 35 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 700 000 |
| Husleieinntekter: | kr 60 000 |
| Prosjekttilskudd: | kr 20 000 |
| Tilskudd fra eierne: | kr 2 200 000 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektlutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Industriutvikling vest

Prosjektleder:

Børge Brundtland, bb@industriutviklingvest.no

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,
tlf. -, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

Industriutvikling Vest har vore med i SIVA sitt inkubatorprogram sidan oppstart i 2012 og foreløpig ut 2015. Inkubatoren er knytt til industrimiljøet på Mongstad og mottar støtte frå fylkeskommunen så lenge den er med i inkubatorprogrammet.

Tilsegnsdato: 03.12.2014

Vidareføring av Maritim Industriinkubator Sunnhord

Tilsegn-159-2014

Alle dei SIVA godkjente inkubatorane i Hordaland blir også støtta av Hordaland fylkeskommune. Dette er den årlege støtta til Atheno.

Totale prosjektkostnader: kr 3 750 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| Anna finansiering: | kr 100 000 |
| Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland: | kr 1 300 000 |
| SIVA/kommunar: | kr 1 500 000 |
| Verksemder: | kr 850 000 |

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Atheno AS

Prosjektleiar:

Astrid Kjellevold Steinsland, astrid@atheno.no

Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,
tlf. -, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Samandrag:

I høve Revidert Nasjonalbudsjett våren 2010 vart Verftspakken lansert. Grunnen var utfordringar i maritim/offshore sektor og omstillingsbehov i norsk industri i høve globalisering og teknologisk utvikling. SIVA fekk NOK 25 mill til oppretting av fem maritime industriinkubatorar - den eine av desse var Atheno. Prosjektet skulle gå over fem år, dvs ut 2015. Hordaland fylkeskommune har forplikta seg til støtte Atheno så lenge dei er med i SIVA sitt inkubatorprogram. I tillegg til aktiviteten på Stord, går dei fylkeskommunale midlane også til å støtte nodar i regi av Atheno på Bømlø, Austevoll, Tysnes og Kvinnherad.

Tilsegnsdato: 03.12.2014

Etabl gründer- og innovasjonsmiljø i Nordhordland

Tilsegn-161-2014

Som inkubator har Industriutvikling Vest tatt initiativ til å utarbeide et konsept for etablering av et utviklingsmiljø for gründerbedrifter sentralt i Nordhordland. Målet for prosjektet er å etablere eit godt og synlig nyskapingmiljø i Knarvik for hele region Nordhordland.

Totale prosjektkostnader: kr 350 000

Finansieringsplan for prosjektet:

| | |
|------------------------------------------|------------|
| Egenfinansiering Industriutvikling Vest: | kr 150 000 |
| Tilskudd Hordaland Fylkeskommune: | kr 150 000 |
| Tilskudd næringsfond Lindås Kommune: | kr 50 000 |

Prosjektstart: 01.10.2014.

Prosjektlutt: 30.06.2015.

Prosjekteigar:

Industriutvikling vest

Prosjektleder:

Børge Brundtland, bb@industriutviklingvest.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

